



Jobbnorge-ID: 143026

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Overingeniør ved Gades laboratorium for patologi, Klinisk institutt 1, Det medisinske fakultet

Ved Universitetet i Bergen, Det medisinske fakultet, Klinisk institutt 1, Gades laboratorium for patologi, er det ledig ei fast stilling som overingeniør (100%).

Stillinga er knytt til fageininga oral patologi. Fageininga har ansvar for undervisning av odontologistudentar, tannpleiarstudentar og tannlegespesialist-kandidatar i faga generell og oral patologi, samt i rettsodontologi. Forskinga er fokusert på to hovudtema: Sjögrens syndrom og munnholekreft. 50 % av stillinga inngår i Centre for Cancer Biomarkers (CCBIO).

Arbeidsoppgåver:

- Leiing av laboratoriet, med ansvar for å vedlikehalde og å oppgradere teknisk utstyr, bestilling av varer, vedlikehald av kjemikaliregister og biobank
- Forskingsassistanse, med snitting av vev, utvikling og utprøving av nye avanserte immunhistokjemiske og histokjemiske metodar og digital bildehandsaming
- Opplæring, rettleiing og assistanse for ph.d.-kandidatar, masterstudentar og forskarlinestudentar
- Rådgjeving for forskarar ved instituttet som skal etablere forskingsprosjekt der snitting av vev og immunhistokjemiske teknikkar vert nytta
- Oppgåver knytt til undervisning på instituttet, til dømes snitting og farging av vevssnitt til laboratoriekurs i oral patologi og for andre studentgrupper

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Søkjarar må ha utdanning på mastergradsnivå innanfor relevant fagområde. Søkjarar må ha erfaring og kunnskap om dei metodane som vert nytta ved laboratoriet og må kunne arbeide sjølvstendig med utvikling av nye relevante metodar. Lang, relevant praksis kombinert med relevant etter- og vidareutdanning kan i særskilte høve kompensere for manglande formell utdanning
- Det vert satt krav om gode språkkunnskapar, både i norsk og engelsk, og god evne til å kommunisere munnleg og skriftleg på begge språk
- Leiareigenskapar og administrativ kompetanse vert vektlagt
- Det vert og lagt vekt på personlege eigenskapar som er naudsynte for stillinga

Vi kan tilby:

- Eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø
- Stilling som overingeniør (kode 1087) i lønnssteg 53-57 (for tida kr 454 700 - 489 300). For særskilte søkjarar kan høgare løn verte vurdert.
- Medlemsskap i Statens pensjonskasse
- Stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- Gode velferdsordningar

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til professor Anne Christine Johannessen, tlf.: 55 97 32 30 eller e-post:

Anne.Johannessen@uib.no

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetning. Personar med innvandrarbakgrunn og personer med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Søknad

Send søknad elektronisk via lenkja «Søk stillingen» på denne sida.

Søknaden skal innehalde:

- søknadsbrev der du seier noko om din motivasjon for stillinga, kvifor du søker og kvifor du passar til stillinga
- oversikt over utdanning og arbeidserfaring (CV)

- attesterte kopiar av vitnemål og relevante attestar
- to referansar (namn og kontaktinformasjon)

Søknadane vert sendt elektronisk til nemnda som skal vurdere desse.

Vi gjer merksam på at søknadar vert vurdert med den informasjonen som ligg føre i Jobbnorge når søknadsfristen går ut. Det er søker sitt ansvar at alle relevante vedlegg er lagt inn innan fristen.

Søknadar sendt på e-post vil ikkje verte vurderte.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Søknadsfrist: 29.10.2017

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: